

Vekeplan for 6.trinn

Veke 43

Sosialt mål: **Eg held god orden.:** Bokkassen, bøkene dine, leksearbeidet, skriveutstyr, pulten, klasserommet, garderoben.

| Fag | Tema | Mål |
|---------|---------------------------------|---|
| Norsk | Bildeboka - ein samansett tekst | Me les og lyttar til grøss-forteljingar og skriv skumle tekstar. |
| Matte | Multiplikasjon | Eg kan multiplisera fleirsifra tal. |
| Engelsk | Trolls and heroes | Eg veit kva uregelrette verb er. Eg lærar meg å bøye uregelrette verb i ulike tider. (go-went-gone) |

| Til tysdag: | Til onsdag: | Til torsdag: | Til fredag |
|---|--|---|--|
| <p>Songstund i dag!</p> <p>Ver godt førebudd! Øv om du bør øve på noko... Ta med eventuelt utstyr.</p>  <p>Norsk: Gjer oppgåvearket om verb, substantiv og adjektiv.</p> | <p>Engelsk: PC - skolestudio: Explore Smart Øving.</p> <p>Jobb i minst 30 min</p> | <p>Norsk: Skriv innleiinga til ei skummel forteljing i lekseboka di. Sjå baksida.</p>  | <p>Matte: Vekeleke: Gjer mattearket i hefte ditt.</p> <p>Viktig: Det vert ein liten test i multiplikasjon og multiplikasjon med fleirsifra tal.</p> |

Info: I neste veke startar me med utviklingssamtale - sjå eiga innkalling og trivselsskjema. Trivselsskjemaet skal fyllast ut heime før samtalen og tas med til samtalen.

Skriv ei skummel innleiing til eit av bileta under der lesaren vil kjenne på litt spenning, grøss og gru.

Skriv ei til to sider i lekseboka di.



Du skal heim. Du må gå forbi det verste huset i gata. Det finst ingen annan veg, og du gruer deg.....

Kva ser du? Kva høyrer du? Kva lukter du? Kva føler du?



Du sit på biblioteket. Du har funne ei god bok om eit hus som er heimsøkt då du plutseleg kjenner eit kaldt gufs i rommet.



Eit besøk på kyrkjegarden.



